
Fra: Bjorn Thomassen <bjornsthomassen@yahoo.no>
Sendt: 25. mars 2014 10:22
Til: Tore Johan Erstad
Emne: Vedr: Krav om publisering av dokument i byggesak gnr 23 bnr 221 med arkivsakid 09/2300

Det svar Meland kommune nå har gitt er etter vår oppfatning svært generelt. Bestemmelsene det henvises til er vi kjent med fra før.

De dokumenter som ikke kan leses elektronisk på byggesakens dokumentliste eller som ikke er oppført på listen, er svært forskjellige.

Vi savner derfor kommunens hjemmelhenvisning og skjønnsvurdering/ begrunnelse med konklusjon når det gjelder **det enkelt brev**.

For ordens skyld minner vi ennå en gang om våre skriftlige henvendelser til kommunen, sist 12.03.d.å.

Fremdeles har vi ikke fått tilsendt de aktuelle domumenter vi har bedt om.

Mvh
Bjørn Thomassen

Den Mandag, 24. mars 2014 15.19 skrev Tore Johan Erstad <Tore.Johan.Erstad@meland.kommune.no>:

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Sendt som e-post

Referanser:

Dykkar:

Saksbehandlar:

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Dato:

Feil!

**Hyperkoblingsreferansen er
ugyldig.**

Vår: **Feil! Hyperkoblingsreferansen
er ugyldig. - Feil!
Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.**

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Det vert vist til ditt brev datert 6.2.2014 og e-post sendt kommunen 24.2.2014.

Det er riktig at Meland kommune har bestemt å ikkje publisere ein skilde dokument i saka. Det er vidare riktig som kommunen har opplyst at dokumenta ikkje er unntatt offentlegheit, men dei er på grunn av sitt innhald ikkje publisert på kommunen sine heimesider.

Som partsrepresentant med fullmakt frå tiltakshavar i saka du viser til, har du rett til fullt innsyn i saksdokument. På bakgrunn av innhaldet i brevet frå dykk og tidlegare telefonsamtale med sakshandsamar Tore Johan Erstad, legg kommunen til grunn at du har fått innsyn i saksdokument, men at kravet no gjeld publisering av desse på offentleg journalpost slik at kven som helst kan lese desse ved å vitje kommunens heimesider og søke opp saka.

Kommunen sitt standpunkt er grunngeve i reglane i offentleglova og forvaltningslova, som gjeld for kommunens verksemd. Ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova (pbl) gjeld reglane i forvaltningslova med dei særskilde lovføresegner som følgjer av plan- og bygningslova, jf pbl § 1-9. For kommunens verksemd generelt og sakshandsaming etter plan- og bygningslova spesielt gjeld offentleglova.

Utgangspunktet i offentleglova er at alle dokumenta i forvaltninga er offentlege. Unntak frå innsyn krev særskilt heimel i føresegn gitt i lov eller i medhald av lov. I dette tilfelle har kommunen ikkje nekta nokon innsyn i dokumenta det er vist til, men dei er som nemnd ikkje publisert på heimesidene til kommunen.

Offentleglova § 10, tredje ledd seier at kommunen «...kan gjere dokument allment tilgjengelege på internett, med unntak for opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov». Kommunen har ikkje plikt til slik publisering etter lova, men lova gjer høve til det for dokument som det ikkje gjeld teieplikt for mv.

Offentlegforskrifta § 7 (tilgjengeleggjering av dokument på internett) har følgjande ordlyd:

«Organ som er omfatta av offentleglova, kan gjere dokument tilgjengelege for ålmenta på Internett.

Følgjande skal ikkje gjerast tilgjengeleg på Internett:

- a) opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov
- b) opplysningar som det kan gjerast unntak frå innsyn for etter § 9 i forskrifta her
- c) opplysningar som nemnde i personopplysningslova § 2 nr. 8
- d) fødselsnummer, personnummer og nummer med tilsvarande funksjon
- e) opplysningar om lønn og godtgjering til fysiske personar, med unntak for opplysningar om lønn og godtgjering til personar i leiande stillingar i det offentlege og i leiande stillingar eller i styret i sjølvstendige rettssubjekt
- f) materiale som ein tredjepart har immaterielle rettar til, med unntak for slikt materiale som er

nemnd i § 5 fyrste ledd andre punktum og for materiale der rettshavaren samtykkjer til at materialet blir gjort tilgjengeleg.

Organ som gjer dokument tilgjengeleg for ålmenta på Internett, skal opplyse kva for kriterium som ligg til grunn for utvalet av dokument.»

Heller ikkje forskrifta pålegg kommunen ein plikt til å offentleggjere dokument, men dette er praksis i Meland kommune i byggesaker.

I den konkrete byggesaka som publiseringsskravet ditt gjeld, har kommunen vurdert at personvernomsyn talar mot publisering av nemnde dokument. Dette gjeld mellom anna fordi dokumenta inneheld delvis personskildringar og påstandar som partane i saka har retta mot kvarandre i ei byggesak med høgt konfliktnivå. Delvis er det opplysningar om leigebuarar og opplysningar som gjeld deira livssituasjon, som lett kan identifiserast ved adresse og gards- og bruksnummer. I einskildsaker og for einskilde dokument er kommunen i slike høve varsam med å publisere dokumenta, som først og fremst må reknast å ha interesse for partane i saka.

Det er ikkje det same som at nokon har fått avslag på innsyn eller at dokumentet er unnateke offentlegheit. Ein kvar står fritt til å vende seg til kommunen med krav om innsyn i dokumenta, som då vil verte handsama i samsvar med reglane i offentleglova og forvaltningslova.

Med bakgrunn i denne grunngjevinga står kommunen ved si avgjerd om å ikkje publisere dei aktuelle dokumenta.

Med helsing

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.

Dokumentet er godkjend elektronisk og er derfor utan underskrift. Dokumentet vert sendt pr e-post.

Mottakere:

**Feil! Hyperkoblingsreferansen er
ugyldig.**